

KOSTRA og nøkkeltall 2016

Vågå Kommune

KOSTRA statistikk

Vi har vald å plukke ut nokre sentral trekk av Kostratal for kvar tenestested. Dette er mest for å ha eit blikk på oss sjølv, men og for å sjå på utviklingstrekk i forhald til andre kommunar.

Vi har vald å bruke kostragruppe 2 som samanlikning. Denne er samansett av kommunar som kan samanliknast med Vågå kommune med omsyn til folketal og demografi.

Grunnskole

	Vågå 2015	Vågå 2016	Oppland	Kostragruppe 02	Landet uten Oslo
Prioritet					
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223) i prosent av samlede netto driftsutgifter	24,5 %	23,9 %	22,9 %	23,4 %	23,7 %
Dekningsgrad					
Andel elever i grunnskolen som får særskilt norskopplæring	100 675	106 112	92 455	97 905	83 872
Kvalitet					
Gjennomsnittlige grunnskolepoeng	2,7 %	3,8 %	6,0 %	4,2 %	5,6 %
	38,2	39,0	40,7	0,0	41,1

Det er små forskjellar mellom Vågå og gjennomsnittet i kostragruppe 2 når det gjeld prioritering av grunnskulen. Vågå ligg noko høgare.

Vi ser og at Vågå ligg høgt på netto driftsutgifter pr. elev til grunnskulen, dette heng mellom anna saman med skulestrukturen i kommunen.

Det er gledeleg å sjå at vår kommune ligg lågast når det gjeld elevar som mottek spesialundervisning. Dette er ein indikasjon på at det blir drive god tilpassa opplæring. Vi ser andelen aukar med heile 1,1% frå 2015 til 2016.

Vågå ligg lågt på grunnskolepoeng. Dette bør ein greie å heve noko, sjølv om denne indikatoren kan svinge mykje frå år til år.

Barnehage

	Vågå 2015	Vågå 2016	Oppland	Kostragruppe 02	Landet uten Oslo
Prioritet					
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	110 353	129 914	136 230	137 758	137 613
Produktivitet					
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	153 731	182 161	184 747	184 544	187 734
Dekningsgrad					
Andel barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1-2 år	73,7 %	73,6 %	81,3 %	79,5 %	82,6 %
Andel barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år	99,2 %	100,0 %	97,3 %	97,4 %	97,2 %
Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til alle barn med barnehageplass	11,1 %	10,8 %	12,8 %	12,1 %	14,5 %
Kvalitet					
Andel styrere og pedagogiske ledere med godkjent barnehagelærerutdanning	91,7 %	100,0 %	92,9 %	88,1 %	91,9 %

Tabellen viser at Vågå har ei rasjonell drift på barnehageområdet. Det er ganske stor skilnad mellom vår kommune og gjennomsnittet i Kommunegruppe 2 og Oppland.

Vågå er og på topp med tanke på ungar mellom 3 og 5 år som har barnehageplass.

Vi ser at 11 % av barna i barnehagen har minoritetsspråkleg bakgrunn. Denne andelen ligg høgare i andre kommunar.

Av alle styrarar og pedagogiske leiarar i barnehagen har alle godkjent barnehagelærarutdanning. Det er viktig å halde fokus på kompetansen i barnehagen og i tillegg er det ei utfordring å rekruttere inn fleire menn.

Heimetenesta

	Vågå 2015	Vågå 2016	Oppland	Kostragruppe 02	Landet uten Oslo
Prioritet					
Gjennomsnittlig antall tildelte timer pr uke, hjemmesykepleie	2,6	3,6	4,2	4,5	4,9
Tjenester til hjemmeboende (f254) - andel av netto driftsutgifter til plo					
Tjenester til hjemmeboende (f254) - andel av netto driftsutgifter til plo	43,6 %	40,4 %	51,7 %	50,4 %	50,3 %
Produktivitet					
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner)	160 255	186 627	229 153	222 386	247 605
Dekningsgrad					
Andel heimebuande med høg timeinnsats	7,3 %	9,2 %	7,1 %	6,0 %	7,3 %

Heimetenesta

Vågå kommune nyttar mindre driftsutgifter per mottakar i heimetenesta samanlikna med KOSTRA-gruppe 2. Vi ser for oss at denne indikatoren vil auke i åra som kjem, i samsvar med at vi får fleire brukarar med stort bistandsbehov og ved ein reduksjon i institusjonsplassar. Samtidig ønskjer vi at tenester til heimebuande skal auke, slik at vi i større grad nytter ressursane i pleie og omsorg utanom institusjon. Vågå kommune har mange med høg timesats og dette har samanheng med at vi har relativt mange ressurskrevjande brukarar i heimebaserte tenester (bufellesskap).

Vågåheimen

	Vågå 2015	Vågå 2016	Oppland	Kostragruppe 02	Landet uten Oslo
Prioritet					
Tjenester til hjemmeboende (f254) - andel av netto driftsutgifter til plo	43,6 %	40,4 %	51,7 %	50,4 %	50,3 %
Produktivitet					
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	914 232	1 017 412	1 100 996	1 025 157	1 101 656
Dekningsgrad					
Plasser i institusjon i prosent av innbyggere 80 år over	23,2 %	21,5 %	17,1 %	19,2 %	18,0 %
Kvalitet					
Andel plasser i brukertilpasset enerom m/ eget bad/wc	41,8 %	46,0 %	81,4 %	89,6 %	85,4 %

Institusjon (Vågåheimen)

Den første indikatoren ønskjer vi at skal bli redusert, som følgje av at vi ønskjer å nytte ein større andel av driftsutgiftene i pleie og omsorg til heimebuande brukarar. Dette er ei bevisst satsing, for å sikre bærekraftige tenester i framtida.

Vågå ligg omrent på same nivå som kostragruppe 2 når det gjeld driftsutgift per plass i institusjon.

Vi ser at dimensjoneringa av antal plassar i forhald til innbyggjarar over 80 år, er noko høgare enn kostragruppe 2. I dette talet et plassar i bufellesskap inkludert. Gjennomsnittet i kostragruppe 2 har eit tydeleg lågare antal plassar for denne gruppa.

Den siste lina i tabellen fortel oss at berre 46% av våre pasientar har enerom med eige bad/WC.

Pleie og omsorg

	Vågå 2015	Vågå 2016	Oppland	Kostragruppe 02	Landet uten Oslo
Prioritet					
Aktivisering, støttetjenester (f234) - andel av netto driftsutgifter til plo	8,2 %	9,5 %	4,8 %	4,4 %	5,3 %
Netto driftsutgifter pleie og omsorg i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	41,8 %	39,5 %	35,1 %	33,2 %	31,2 %
Netto driftsutgifter til aktivisering/støttetjenester per innbygger 18 år og over (f234)	2 528	3 004	1 196	1 152	1 149
Andel årsverk i brukerrettede tjenester m/ fagutdanning fra høyskole/universitet	24,0 %	24,0 %	33,0 %	31,0 %	34,0 %

Pleie og omsorg

Vi ser vidare at Vågå kommune bruker langt meir på aktivisering og støttetenester enn kostragruppe 2. Dette heng saman med at vi har communal Frivilligsentral. Vi har i tillegg eit godt utbygd dagaktivitetstilbod både for personar med utviklingshemming, heimebuande med demens og vi nyttar «Inn på tunet» for enkelte brukarar.

Vågå kommune nytter ein stor andel av kommunen netto driftsutgifter til pleie og omsorg. Det er venta at denne vil auke som følgje av befolkningssamansetninga, der vi får ein stor vekst i antall eldre i frå 2025. Samtidig er vi i ein prosess for å drive meir kostnadseffektivt og rigge tenestene for framtida.

Den siste indikatoren syner andel årsverk i pleie og omsorgstenestene som har fullført høgare utdanning. Denne ligg lågare enn kostragruppe 2. Dette er eit område vi må sjå på i den reviderte kommunedelplanen og sett i samanheng med kompetanseplanen.

Kommunehelse

	Vågå 2015	Vågå 2016	Oppland 02	Kostragruppe 02	Landet uten Oslo
Prioritet					
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-5 år	22 708	27 672	10 879	10 623	8 658
Dekningsgrad					
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	3 922	4 053	2 928	3 501	2 545
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	12,2	11,7	11,3	10,6	9,2
Legetimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	14,0	14,1	12,2	12,8	10,7
	0,30	0,35	0,65	0,39	0,56

Vågå prioritiserer helsetenester høgt. Dette viser netto driftsutgifter til tenesta generelt, men ikkje minst netto driftsutgifter til førebygging og helsestasjon og skulehelsetenesta. Her ligg vi langt over gjennomsnittet av kostragruppe 2.

Antal legeårsverk pr. 10000 innbyggjarar er nokså likt mellom dei tre samanliknande einingane.

Fysioterapidekninga i Vågå er høgare enn landet.

Vågå ligg lågt når det gjeld legetimar pr. veke til bebuarar på sjukeheimen, men dette kjem av feilrapportering og vil bli retta opp ved rapportering i Kostra for 2017.

Sosiale tjenester

	Vågå 2015	Vågå 2016	Oppland	Kostragruppe 02	Landet uten Oslo
Prioritet					
Gjennomsnittlig utbetaling pr. stønadsmåned (intro.pr)	13 214	14 447	0	0	0
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år	2 844	3 054	3 276	3 021	3 548
Produktivitet					
Brutto driftsutgifter pr. sosialhjelppsmottaker, i kroner	61 915	61 723	0	0	97 738
Kvalitet					
Gjennomsnittlig stønadslengde mottakere 18-24 år	2,8	2,8	0,0	0,0	0,0
Gjennomsnittlig stønadslengde mottakere 25-66 år	3,8	3,1	0,0	0,0	0,0
Sosialhjelppsmottakere	106	112	0	0	274

Vågå bruker likt med kostragruppe 2 til driftsutgifter til sosialteneste pr. innbyggjar i yrkesaktiv alder. Vi ligg langt under landet i brutto driftsutgifter pr. sosialhjelppsmottakar.

Det er positivt at stønadslengda for yngre sosialhjelppsmottakarar i Vågå er lågare enn for eldre. Det er også positivt at stønadslengda for eldre går ned.

Kultur og idrett

	Vågå 2015	Vågå 2016	Oppland	Kostragruppe 02	Landet uten Oslo
Prioritet					
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner	2 678	2 692	2 085	2 089	2 097
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år	4 026	4 579	3 049	3 806	2 386
Produktivitet					
Brutto driftsutgifter til bibliotek (f370) per innbygger	295	307	381	362	308
Kvalitet					
Kommunale driftstilskudd til lag og foreninger pr lag som mottar tilskudd	22 490	24 531	28 151	18 826	39 168

Vågå bruker meir enn gjennomsnittet i kostragruppe 2 til kultursektoren, på same måte bruker vår kommune meir til kultur- og musikkskulen.

Vågå gjev meir i støtte til lag og foreningar enn kostragruppe 2, men ligg langt under både Oppland og «landet utan Oslo».

Vågå kommune driftar biblioteket billigare enn landet forøvrig.

Administrasjon og politisk styring

	Vågå 2015	Vågå 2016	Oppland	Kostragruppe 02	Landet uten Oslo
Produktivitet					
Brutto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb	5 403	5 216	5 187	7 365	4 936
Brutto driftsutgifter til funksjon 100 Politisk styring , i kr. pr. innb	587	611	536	821	401
Brutto driftsutgifter til funksjon 120 Administrasjon, i kr. pr. innb	3 907	3 673	3 757	5 424	3 736
Brutto investeringsutg. til tilrettelegging og bistand for næringslivet pr. innb	1 738	1 579	152	267	152
Netto driftutg. til tilrettelegging og bistand for næringslivet pr. innb. (kr)	698	279	77	242	92

Vågå bruker mindre penger til administrasjon og politisk styring enn gjennomsnittet for kostragruppe 2.

Vågå bruker meir enn gjennomsnittet av kostragruppe 2 til tilrettelegging og bistand for næringslivet. Dette gjelder og på investeringssida. Dette er i tråd med dei politiske føringane som er lagt.

Tekniske tenester

	Vågå 2015	Vågå 2016	Oppland	Kostragruppe 02	Landet uten Oslo
Produktivitet					
Avløp - Årsgebyr for avløpstjenesten (gjelder rapporteringsåret+1)	3 959	3 412	4 941	4 270	3 840
Vann - Årsgebyr for vannforsyning (gjelder rapporteringsåret+1)	4 461	4 207	3 790	3 969	3 441
Prioritet					
Nto. dr.utg. i kr pr. km kommunal vei og gate	76 641	77 895	103 096	79 101	118 538
Kommunale energikostnader, per innbygger	1 041	1 291	1 140	1 223	863

Vågå har det høgaste årsgebyret for vassforsyning. Dette er eit måletal som heng nøyne saman med investeringar som er gjort dei seinare åra innanfor området. Gebyrstorleiken må helst vurderast i ein heilskap med andre kommunale gebyr som fortel kor mykje Vågå beskattar sine innbyggjarar. Vi ligg lågare på årsgebyret på avløpstenesta.

Vågå ligg vidare lågt i forhold til netto driftsutgifter til kommunale vegar.

KOSTRA og nøkkeltall 2016 - Vågå Kommune

Landbruk

Prioritet	Vågå 2015	Vågå 2016	Oppland	Kostragruppe 02	Landet uten Oslo
Netto driftutg. til landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling pr. innb. (kr)	632	537	276	366	117

Vi ser at netto driftsutgifter til landbruk og landbruksbasert næringsutvikling er høgare i Vågå enn i landet forøvrig, noko som er i tråd med dei politiske føringane. Landbruk er ein viktig del av grunnmuren til næringslivet i Vågå.